



Møre og Romsdal fylke



Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep
0030 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
200504088-/ROH	23.08.2006	MR 18330/2006/C51/&13	Bjørn Ringstad,71 25 88 41	09.10.2006

Høring: Nytt rundskriv om dekning av utgifter til arkeologiske undersøkelser ved mindre, private tiltak

Vi viser til brev av 23.08.06 med høring av nytt rundskriv om dekning av utgifter til arkeologiske undersøkingar ved mindre private tiltak. Departementet legg opp til å endre dagens forvaltningspraksis slik at staten i større grad enn tidligare skal dekkje utgiftene etter kulturminneloven § 10 i denne typen saker. Dette er i samsvar med dei signal som er kome fram i St.meld. nr. 16 (2004-2005) *Leve med kulturminner* kap. 4.4.

Bakgrunn

Hovudprinsippet i kulturminneloven er at den som har interesse av at eit tiltak skal gjennomførast også skal dekkje utgiftene for å realisere tiltaket. Dette inneber også kostnader til arkeologiske undersøkingar. Kulturminneloven har gjeve rom for at staten i nokre tilfelle, heilt eller delvis, har kunne dekkja desse utgiftene. Dette gjeld saker som oppfyller følgjande tre kriterium:

- 1). Tiltaket er privat
- 2). Det er eit mindre tiltak
- 3). Utgiftene ved dei arkeologiske undersøkingane vil virke urimeleg tyngande.

I praksis er det få eller ingen som har nytta seg av denne ordninga fram til i dag. I Møre og Romsdal er det for eksempel ingen tiltakshavarar som har mottatt direkte støtte frå staten dei siste 15-16 åra i denne typen saker. Landsdelsmusea har tatt på seg utgravingskostnadene i to-tre saker (Giske og Gjemnes) i denne perioden, medan fylkeskommunen/Fylket har stilt opp gratis for å klarere ein del mindre utbyggingssaker.

Regjeringa og Miljøverndepartementet legg no opp til, i samsvar med stortingsmeldinga "*Leve med kulturminner*", at staten i større grad skal dekkje utgiftene til arkeologiske registreringar og utgravingar i samband med mindre, private tiltak.

Forslag til endringar

Det nye forslaget inneber at som hovudregelen skal:

"utgifter til arkeologiske undersøkelser ved mindre, private tiltak alltid dekkes helt når saken ellers oppfyller kriteriene gitt her." Bare unntaksvis skal det gjevast delvis dekning til slike utgifter. Departementet ønskjer også at det blir gjeve dekning av "*påløpte utgifter til arkeologiske registreringar ved forberedelse av oversending av slike saker som omfattes av bestemmelsene i dette rundskrivet. Slike registreringar vil være hjemlet i kml § 11a.*"

Dersom vi tolkar dette siste punktet rett, inneber dette den typen registrering som fylkeskommunane vil kunne gjere i framkant av ein dispensasjonssøknad frå kulturminneloven i samband med mindre private tiltak. Det vil såleis ikkje gjelde ordinære § 9 undersøkingar for mindre private tiltak der det ikkje blir gjort funn av arkeologisk interesse. Det nye forslaget vil med andre ord berre tre i kraft når det blir gjort arkeologiske funn som vil bli "frigjeve" og det er eit mindre privat tiltak.

Som mindre private tiltak er det som eksempel lista opp bygging av bustadhus, garasje, tilbygg, hytte/fritidshus (for eige bruksbehov, ikkje utleige), grøfter for kablar/rørleidningar, brygge, moloar, mindre mudringar, utfyllingar og opparbeiding av tomt/areal av typen adkomst, leik eller andre fritidsaktivitetar. For nydyrking er grensa for større private tiltak satt til 15 dekar over 5 år.

Vår vurdering av forslaget


Møre og Romsdal fylke stiller seg positiv til den endra praksis i forhold til § 10 som departementet legg opp til. Vi meiner likevel at forslaget er lite omfattande og berre vil kome svært få til gode.

Det mest positive med forslaget er at private grunneigarar ikkje lenger treng å vere redd for å gi melding om arkeologiske funn som dei tilfeldigvis gjer i samband med mindre byggeaktivitet eller nydyrkingar. Dette vil kunne gje ein tryggleik og positiv haldning til arkeologiske funn. Redselen for å gjere funn og halde ting skjult bør med dette forslaget minka. Vi meiner likevel at denne ordninga også burde vore gjort gjeldande for andre typar tiltak, både større private og offentlege, så lenge funna dukkar tilfeldig opp og tiltakshavar sjølv gir beskjed om funnet. Ordninga burde med andre ord også vore gjort gjeldande i forhold til alle som grev i jorda og som driv rundt om på byggeplassane våre. No vil truleg ein som finn noko først måtte vurdere om dette fell innanfor eller utanfor den nye ordninga før han eventuelt melder i frå om eit funn. Som eksempel kan vi nemne at i Møre og Romsdal fylke er det berre ein gong at ein gravemaskinførar har gjeve beskjed om arkeologisk funn i samband med eit større byggeprosjekt dei siste 15-16 åra. Vi ser ikkje for oss at dette talet vil auka dei nærmaste åra som følgje av nyordninga. Talet på funn som blir meldt inn som følgje av privat bygging av hus, garasje, hytter ets. bør derimot forventast å auke ein del.

Den stadig negative fokuseringa på kostnadsdekning ved arkeologiske registreringar vil neppe bli mindre med det nye forslaget. Det nye forslaget burde ha gjelde alle § 9 tiltak som var av mindre privat karakter, dvs. alle arkeologiske registreringar som regionalforvaltninga i dag gjennomfører for private på nokre få dagar. Dette gjeld gjerne dispensasjonar frå kommuneplanar eller reguleringsplanar. Dette er ein type saker som det er vanskeleg for det regionale kulturminnevernet å løyse på ein god måte sidan ein ofte ikkje ønskjer å belaste mindre private tiltakshavarar. Fleire fylker løyser dermed problemet ved ikkje å behandle denne typen saker.

Denne høyringsuttalen og forslag til nytt "Rundskriv om dekning av utgifter til arkeologiske undersøkelser ved mindre, private tiltak" vil bli lagt fram for fylkeskulturutvalet 25.oktober. Endeleg vedtak vil bli ettersendt når fylkesutvalet har hatt møte 30. oktober.

Med helsing



Nils-Gunnar Solli
Ass. kulturdirektør



Bjørn Ringstad
Fung. fylkeskonservator